



Haugen Vva AS
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1245 - 17/13202

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
09.05.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - VVA-anlegg - gbnr 141/1, 141/3 m fl Kvamme nedre

Byggestad: Gbnr : 141 / 1
Tiltakshavar: Majo Eigedom AS
Ansvarlig søker: Haugen Vva AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om etablering av VVA-anlegg for Stølshaugane bustadfelt den 19.04.2017, som eittrinns-søknad med 12 veker saksandsamingsfrist.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vilkår for eittrinnsøknad:

- SØK må innhenta uttale frå Bergen og omland havnevesen (BOH), om korvidt det er grunnlag for fritak frå søknad etter hamnelova. Det er ikkje kommunen eller tiltakshavar som skal gjera denne vurderinga for tiltak i sjø.
- Grunnavtalar for tiltak utafor bustadfeltet må vera på plass, og fullmakter innafor feltet dersom ikkje tiltakshavar har fått heimel til arealet innafor planen
- Teknisk plan må vera godkjent av Lindås kommune ved teknisk drift, og løyve til tilknytning til kommunale anlegg må ligga føre
- Løyve frå Statens vegvesen til å utføra arbeid i eller nær fylkesvegen må ligga føre

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 12. juni 2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alternativ ved mottakskontroll

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Haugen VVA AS	Fabrikkgaten 78	5059	BERGEN
Lindås kommune - teknisk drift			
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Haugen Vva AS	Fabrikkgaten 7B	5059	BERGEN
---------------	-----------------	------	--------